

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.

0032 Oslo



03.01.2012

Høyring – « forslag til endringer i opplæringslov og privatskolelov – nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen m.m.»

Landslaget for nærmiljøskolen tykkjer det er positivt at kunnskapsdepartementet tar initiativ til å sikre likskap og likeverd for elevar i grunnskolen. At det er vanskeleg å dokumentere samanheng mellom betre resultat og auka lærartettleik så lenge dette ikkje fører til endringar i undervisninga, er lett å forstå. Auka lærartettleik gjer det likevel lettare å ha alternativ organisering av og ei meir praktisk tilnærming til undervisninga. Fallande motivasjon hjå elevane på mellom- og ungdomssteget er ein god indikator på at ei meir praktisk tilnærming er nødvendig.

Ein modell der ein reknar ut ein gjennomsnittleg gruppestorleik med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar og der ein ser bort frå ressurs til spesialundervisning, er eit akseptabelt utgangspunkt. Departementet lanserer to aktuelle modellar, gjennomsnittleg gruppestorleik i kommunen og gjennomsnittleg gruppestorleik på skolen.

Landslaget for nærmiljøskolen ynskjer ikkje at kommunemodellen vert brukt. I kommunar med store og små skular vil dette føre til press på små utkantaskular. Desse vil trekkje ned den gjennomsnittlege kommunale gruppestorleiken. Resultatet vil bli intern ressurskamp mellom skular og eit auka sentraliseringspress.

Skolemodellen manglar eit element som var innarbeidd i den gamle ressursmodellen. Gruppestorleiken måtte reduserast når ein hadde fleire årssteg i same basisgruppe/klasse. Dette elementet må innarbeidast i den nye modellen ein vedtar å bruke.

Vi er og svært skeptiske til den stegvise innføringa av dette nye tiltaket. Vi skjønar at departementet ynskjer å starte med ungdomssteget med utgangspunkt i stortingsmelding 22: «Motivasjon, mestring og muligheter». Her er det ein naturleg samanheng mellom eit ynskje om å gje alternativ og meir praktisk opplæring og auke lærartettleiken. Når vi ser dette i samanheng med ressurskampen som føregår i mange kommunar, trur vi at resultatet fort vert ei overføring av ressursar frå barnesteget til ungdomssteget. Dette er stikk i strid med departementet sitt mål om

LUF S - Landslaget for nærmiljøskolen

Org.nr. 881 203 812

Leder Brite Kandal Nordre Kongsvei 658 2372 Brøttum

Telefon : 977 57 525 Privat: 62 36 05 82

brite.kandal@lufs.no

tidleg innsats. Her bør ein altså vente til ein kan gjennomføre tiltaket for heile grunnskulen.

Det er alltid diskusjonar mellom kommunane og staten om finansieringa av desse tiltaka. Manglande fullfinansiering av dette tiltaket vil forsterke kampen om ressursar og forsterke sentraliseringa. Denne situasjonen må vi ikkje komme i. Mangel på lærarar og rekrutteringsproblem bør òg ha innverknad på tidspunktet for gjennomføring av tiltaket.

02.01.2012

For landslaget for nærmiljøskolen

Brite Kandal
-leiar-

Jan-Ove Einebærholm
-nestleiar-